

Os, 13.02.2017

Markedsføring av turskiltprosjektet


Os kommune nyttar lokalpressa i markedsføringa av Turskiltprosjektet inn mot innbyggjarane i Os. I førre søknad til Turskiltprosjektet viste vi til ein lengre reportasje på Midtsiden.no om prosjektet. Etter kvart som dei ulike turane blir ferdig merka blir dei lagt ut på nettsida Ut.no. På heimesida til Os kommune er det enkelt lagt opp med ein Link inn til UT.NO der innbyggjarane får ein oversikt over turalternativa i kommunen.

Vi skal og markedsføra Turskiltprosjektet ved å gjennomføre eit mosjonsløp i slutten av April måned. Her samarbeider vi med Os Turlag i gjennomføringa av arrangementet og vi nyttar Os og Fusa Posten samt Midtsiden.no til å reklamere for arrangementet.

Os Turlag går kvar tysdag tur i Os området, og går turar som både er merka, men og turar som vil bli merka. Kven som helst kan melde seg på å bli med på desse turane.

Viser og til boka: *Opptur Bergen av Knut Langeland og Finn Loftesnes (2012)*. Denne boka er eit samarbeidsprosjekt med Bergen Turlag

Konsulent idrett og Friluftsliv



Roar Haugsgjerd